



De flyktet for livet da mobben kom. Nå ber de om rettferdighet

Side 10

Bangladesh: Engasjert, ung tro **2** | Tyrkia: Flere blir kastet ut av landet. Nye blir døpt i Antalya **4**

Nigeria: Hans far og tre brødre ble drept, ti barn ble bortført. Biskop kjemper mot vold **6**

Konfirmanter: Fargelegger kors, lærer om tro **12** | Sprer bibler på Den arabiske halvøy **20**

Ivrige deltakere under ungdomsseminaret i Bangladesh. Foto: Stefanus-alliansens partner



UNG BEGEISTRING FOR TRO

Stefanusalliansens partner i Bangladesh forteller om unge som er klare til å gå inn i tjeneste som forkynnere.

TEKST: STEFANUSALLIANSEN

■ Stefanusalliansens partner i Bangladesh, Mehedi, leder et nettverk av Jesus-troende med muslimsk bakgrunn. Av sikkerhetsgrunner kan vi ikke bruke hans egentlige navn offentlig. Han forteller at de «ved Guds nåde har fullført det aller første ungdomsseminaret» og at det var veldig godt.

Totalt 45 unge fra 20 distrikter deltok – 19 jenter og 26 gutter, mellom 16 og 26 år. De fleste er universitets- og høyskolestudenter, ti går på videregående skoler.

– Vi har lenge bedt våre bønner for å kunne holde en slik samling. Vi håpet å finne noen unge som er klare til å arbeide for Guds rike, forteller Mehedi i en rapport han har sendt.

Takknemlig

Mehedi takker for at ti unge sier at de ønsker å forkynne Guds ord etter samlingen. Under samlingen ledet disse gruppdiskusjoner og laget fremtidsplaner sammen med andre. Mehedi skriver at han og andre ledere drømmer om at disse unge en dag vil lede det kirkens verket som de selv i dag står i ledelsen for, og at de nye unge lederne vil «bringe forandring i livene til folk i vårt land gjennom Guds ord».

Det var, forteller Mehedi, utfordrende å organisere seminaret – av sosiale, kulturelle, religiøse og andre årsaker. Et eksempel måtte noen av de unge heile reise 550 km.

– Vanligvis vil ikke foreldre la 16-åringene reise alene så langt, de føler seg utrygge, skriver Mehedi. Men disse fikk reise.



Vi er imponert over den interessen de unge viste.

Mehedi, Stefanusalliansens partner

Imponert

Dessuten, legger han til, er unge i dag så avhengig av mobiltelefoner at de ikke har tålmodighet og mentalitet til og interesse for å sitte i ro over lang tid og høre på Guds ord.

– Men vi er imponert over den interessen de unge viste under samlingen. Deltakerne lyttet oppmerksomt og ga spontant uttrykk for hva de mener. Vi tror det er Den Hellige Ånds verk, skriver Mehedi.

Deltakerne uttrykte at de gjerne vil ha minst to ungdomsseminarer hvert år. Mehedi skriver:

– Vi tror at frøet av Guds ord som vi har plantet i dem snart vil bære frukt i deres liv. Be for disse ungdommene, at de kan vie seg til å spre Guds rike. ■

Utgiver:
Stefanusalliansen

Adresse:
Trondheimsveien 137,
pb 6603 Rodeløkka,
0502 Oslo
post@stefanus.no

Telefon:
23 40 88 00

Ansv. redaktør:
Johannes Morken
jm@stefanus.no

Redaksjon:
Hilde Skaar Vollebæk
Marianne Haugerud
Eva Frydenborg

Framsídefoto:
Kristne på flukt,
Sargodha, Pakistan,
mai 2024. Foto: HFO

Design:
Von: Bendik Schøien

Trykk:
Kai Hansen Trykkeri

Opplag:
17 000

Gavekonto:
3000 14 57922

VIPPS:
19013



Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfridhet.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjekters regning. Stefanusalliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

Magasinet kommer gratis sju ganger i året.
Bestill med SMS:
MAGASIN til 2377 eller
post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB:
kabb@kabb.no

www.stefanus.no
[@stefanusalliansen](https://facebook.com/stefanusalliansen)

TERROR, TRU OG TENESTE

■ **Ein reaksjon** eg tidvis får er at lesarar slit med å ta dei mange historiene om forfølging inn over seg. Det er lett å forstå.

Men i mange av dei verste historiene vil du som leser også ofte finna ei anna historie – ei historie om tru som held oppe og som tener. I denne utgåva av magasinet vil eg dra fram to slike historier.

Det kristne samfunnet i Pakistan blei i august i fjor skaka av eit grufult valdsangrep i Jaranwala. Kyrkjer og vandaliserte heimar er bygde oppatt. Men framleis blir ekstremistar ikkje stogga når dei skadar og dreper for påstått blasfemi.

Frykt og håp

Orkar vi ikkje høyra meir? Kristne i Jaranwala lever med frycta, men har fellesskap i tru og bøn. Vår partnar i Pakistan hjelper med mat, gjøymestader og advokatar. Dei held fram med dialog med muslimske organisasjonar for å få meir kraft i arbeidet for å påverka politiske makter og religiøse leirarar. Dei vil kjempe mot det nakketaket ekstremistane har på samfunnet. Det pågangsmotet må vi verdsetja og støtta.

Les også intervjuet med ein nigeriansk biskop. Han veit alt

om grufulle historier som vi knapt orkar å lesa. På få veker gravla han tre brør og far sin, drepne av Boko Haram fordi dei var blitt kristne. Boko Haram bortførte så ti jenter som biskopen er onkel til. Han svarar med eit vedvarande arbeid for å hjelpe offer for terror og hjelpe fattige unge slik at dei ikkje blir rekrutterte til Boko Harams fanatisme. Terroren i Nigeria er så grufull at vi knapt orkar høyra meir. Desto viktigare å lytta til biskop John Ali Shettimas historie.

Ikkje gløyma

Vi kan fortelja historiene vidare, vi kan visa at vi ikkje gløymer. Vi kan utvida bønelista. Vi kan hjelpe kristne i Nigeria med å bera den blytunge krossen deira ved å ta innover oss det vonde dei står i – men også lytta til historiene deira om tru og håp. ■

 **Dei vil kjempe mot det nakketaket ekstremistane har på samfunnet.**



Johannes Morken
Redaktør



DEI DØYPER. REGIMET SVARTELISTAR

Kyrkja i Antalya i Tyrkia døyper fleire – medan regimet trappar opp att deportasjon av utanlandske kristne som har hatt leiaransvar i tyrkiske kyrkjer.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Norske kristne** som er turistar i Tyrkia, eller som driv kristent arbeid for nordmenn, kjenner seg alltid velkomne. Det er ikkje rart: I Tyrkia vert det teke som sjølvsagt at vestlege gjester er kristne. At turistar har det bra, er viktig.

Men éi gruppe vestlege kristne kjenner seg alt anna enn velkomne. Det er dei som i årevis har teke leiaroppgåver i protestantiske kyrkjer – som stort sett består av konvertittar



Mange utanlandske medlemmer lever med uro for at dei kan bli deporterte når som helst.

frå muslimsk tru. I tur og orden vert utlendingane kasta ut av landet av Erdogan-regimet, utan å ha noko på rullebladet.

Overvaka

Sidan 2019 har minst 115 utanlandske kristne enten ikkje fått fornya opphaldsløyve, fått ordre om å forlata landet eller blitt nekta ny innreise etter opphold utanfor Tyrkia.

Då ni av desse tok svartelistinga til Grunnlovsdomstolen, kom det for ein dag at den tyrkiske etterretningstenesta, Milli İstihbarat Teskilati (MIT) har overvaka det protestantiske samfunnet.

Domstolen avviste 7. juni sakene og fastslo at verken deportasjonar, innreiseforbod eller nekting av opphaldsløyve er brot på rettane til dei ni. Regjeringa har suveren rett til å avgjera kven som kan vera i landet, sa domstolen.

Mista fem

Antalya Evangelical Church, som Stefanusalliansen støttar, har mista fem medarbeidrar.

– Det er eit stort tap for oss, seier pastor Ramazan Arkan til Magasinet Stefanus.

Svartelistinga vart trappa kraftig opp i 2019 då 35 utanlandske medarbeidrarar vart ramma. Nesten like mange fekk kroken på døra i 2020.

Etter to rolege pandemi-år gjekk svartelistinga markant opp igjen i fjor med 33 nye. Medrekna familie-medlemmer har 250 fått reisepass sidan 2019.

– Tyrkia har full rett til å avgjera kven som får vera i landet. Men dette er likevel grove og diskriminerande rettsbrot sidan den einaste grunnen er at dei ramma er kristne, skriv Den protestantiske alliansen (TEK) i ein årsrapport om brot på trusfridommen for kristne.

Dei aller fleste har budd i Tyrkia i årevis, mange med familiær. Ingen av dei har hatt noko på rullebladet.

Mangel på leiarar

Ingen tyrkiske kyrkjer har lov å ha teologiske seminar. Retten til å læra opp religiøse leiarar er ein viktig del av trusfridommen, påpeikar TEK. Mange protestantiske kyrkjer har hatt utanlandske kristne i leiarstillingar av mangel på tyrkiske leiarar.

Nesten alle utestengde har fått koden N-82, som krev førehandsløyve for å vera i Tyrkia. Tyrkiske styresmakter

seier at dette ikkje er innreiseforbod. Men alle som har fått denne koden er etterpå blitt nekta visum eller opphaldsløyve, opplyser TEK.

– Vi må diverre sjå på denne koden som eit livslangt innreiseforbod. Dette er etter vårt syn uforsvarleg og illegalt.

«Tryggingsrisiko»

Nokre få har fått den svært alvorlege koden G-87, den blir brukt mot folk som vert sett på som ein tryggingsrisiko.

– Det har djupt såra oss og dei som har fått denne koden at landet vårt – utan eit einaste prov – gjev ein slik kode til medlemmer i det protestantiske samfunnet, menneske som fokuserer på å leva ut trua og som er mot vald, skriv TEK.

I rettssaker har staten svart at dei som har fått koden G-87 driv aktivitetar som skadar Tyrkia. Dei har delteke i misjon eller vore på familiekonferansen til TEK.

– Konferansen er blitt arrangert årleg i 20 år. Dette er legale, opne og transparente samlingar, svarar TEK, som påpeikar ei djup uro:

– Mange utanlandske medlemmer lever med uro for at dei kan bli deporterte når som helst. For å verna seg mot det kaoset og stresset som dette inneber, har fleire valt å slutta å delta i kyrklege aktivitetar, eller dei har friviljug reist frå landet. ■



Stefanusalliansen støttar:

- Evangelikale kyrkjer i Antalya og Izmir.
- Den protestantiske alliansen (TEK), paraplyorganisasjon for 205 kyrkjelydar og fellesskap.
- Den syrisk-ortodokse kyrkja i Mardin.

Pågang for å bli døypt

Kyrkja i Antalya døypte 13 nye i juni. Kyrkja har pågang av folk som søker ei anna tru enn islam. I oktober blir minst ti nye døypte etter omfattande opplæring i kristen tru.

– Vi er takksame for støtte og forbøn frå norske vene gjennom Stefanusalliansen, de er verkeleg ein del av det som skjer hos oss, seier hovudpastor Ramazan.

OFFER FOR TERROR. KJEMPAR MOT VALD



Ett av mange barn som er drivne på flukt av Boko Haram (2017). Foto: Shutterstock



Boko Haram drap faren og tre av brørne hans og bortførte deretter mange av dei farlause barna.
Biskop John Ali Shettima vil hindra at fattige unge vert verva til terror.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ – **For Kristi skuld**, hugs på dei forfølgde kristne nordaust i Nigeria, seier biskop John Ali Shettima til Magasinet Stefanus i eit videointervju.

Biskopen er frå Chibok i Borno, ein delstat nordaust i Nigeria. Chibok er byen der den islamistiske terrorgruppa Boko Haram i april 2014 kidnappa og bortførte 276 jenter mellom 16 og 18 år. Dei fleste Chibok-jentene var kristne.

Drap på grunn av tru

Alt før denne tragedien var familien ramma av terror. Biskopens far og tre eldre brør vart drepne av Boko Haram etter at familien hadde gått over til kristen tru. John Ali Shettima tok over omsorga for dei farlause og for enkjene. I 2013 flytta han dei heim til seg i Chibok.

– Eg tenkte at det var det tryggaste, seier John Ali Shettima. Barna fekk plass på ein offentleg ungdomsskule.

Men i april 2014 storma Boko Haram-terroristar skulen. Seks av barna til dei drepne brørne, fire av barna til søstera hans og enkja etter ein av dei drepne var blant dei kidnappa, som vart køyrd inn i den tette skogen. Endå fleire frå biskopens storfamilie vart tekne.

Ti år seinare er 115 av dei bortførte – «ved Guds nåde» – komne heim, blant dei seks av dei ti som biskopen er onkel til. Nokre kom

heim med barn, somme kom sjuke frå Boko Harams fangeleir.

– Dei er åndeleg, sosialt, psykisk og fysisk sterkt prega av fangenskapet. Vi gjer det vi kan for dei med rådgjeving og bibelstudium. Dei lever med trauma kvar einaste dag, seier biskopen, som også brukar namnet John Ali Shettima Chibok.

Ni frå storfamilien er framleis i fangenskap. Nokre av desse er tvangsgifta, har dei heimkomne fortalt.

– Vi ber for dei, at dei er i live, seier biskopen.

Var muslim, blei kristen

John Ali Shettima, som er biskop i Metodistkyrkja, vart fødd og vaks opp som muslim.

– Men i januar 1990 gav eg livet mitt til Jesus.

Han tok teologisk utdanning og blei prest i 1996. I dag er han biskop i Yola i delstaten Adamawa, sør for Borno i nordaust.

– Familien forfølgde meg då eg blei kristen. Men ved Guds nåde: I dag er svært mange i familien blitt kristne, seks er pastorar, seier han og legg til:

– Boko Haram drap tre av mine brør og far min fordi dei var blitt kristne. På seks veker gravla eg desse fire. Kva kan eg gjera? Eg får dei ikkje tilbake. Eg blei inspirert til å studera islam og kristen-muslimske relasjonar til bruk i tenesta som prest og biskop.

Han er no med i eit prosjekt som skal kasta lys over kva følgjer valdeleg opprør har på forholdet mellom kristne og muslimar i Borno, der Boko Haram starta terroren.

Fattigdom og ekstremisme

Fattigdommen og arbeidsløysa har gripe om seg i nord, der 70 prosent lever under fattigdomsgrensa. Då Boko Haram, etter å ha dukka opp i 2002, greip til terror i 2009, kunne desse islamistane med fanatisk religion lett rekruttera fattige og arbeidslause unge.



**For Kristi skuld, hugs
på dei forfølgde kristne
nordaust i Nigeria.**

Biskop John Ali Shettima frå Chibok

Boko Haram tyder «vestleg utdanning er synd», eller «vestleg sivilisasjon er synd». I kamp mot regjeringa vil Boko Haram innføra ein islamistisk stat i nord, der 12 delstatar alt har innført sharia-lovgjeving. ➤



– Forfølging av kristne kom ikkje over natta. Kyrkjer og kristne institusjonar var dei første måla for Boko Haram. Kristne har vore offer for langt meir vald enn muslimar, sjølv om Boko Haram også har angripe moskear, skular, marknader og emir-palass, seier John Ali Shettima og legg til:

– Boko Harams islamistiske opprør har i dag spreidd seg til heile Nigeria.

Drepne eller jaga på flukt

Tusenvis er drepne. Titusenvis sit i leirar for internt fordrivne. John Ali Shettima har hjelpt fortvilte som har vore i leirar for internt fordrivne i åtte år. Då Magasinet Stefanus intervjuja han like før sommaren, var han nyss kome tilbake frå ein leir i Chibok-området. Han var med på utdeling av mat, skulebøker for barn, teppe og myggnett. I leiren er 85 prosent kristne.

– I leirane er kristne og muslimar saman. Der ser dei kvarandre som brør og søstrer. Vi hjelper både kristne og muslimar.



Boko Harams islamistiske opprør har i dag spreidd seg til heile Nigeria.

Biskop John Ali Shettima

Dagar etter dette hjelpebesøket – i juni – kom endå eit Boko Haram-angrep i Borno. Kvinnelege sjølv-mordsbombarar angrep først eit bryllaup og deretter ei gravferd for dei drepne i bryllaupet, med 18 døde og 42 skadde kristne som resultat.

Biskopen seier at rota til konfliktane ligg i politisk manipulasjon, kamp om økonomisk makt og gjensidig ignoranse. Kristne er sette på sidelinja - politisk, økonomisk og sosialt i Nord-Nigeria. Systematisk diskriminering skjer i 16 av 19 delstatar i nord og rammar etniske grupper med kristen identitet.

– Den styrande klassen har svikta i kamp mot fattigdom, arbeidsløyse og korruption. Boko Haram har lett kunna kjøpa nokon med ei lita gave.

Ser håp

Biskopen ser likevel håp. Han fortel ei historie om ei gruppe muslimar som besøkte kristne enkjer i delstaten Kaduna.

Enkjene hadde mista mennene sine i angrep frå ei islamistisk terrorgruppe med bakgrunn frå gjeterfolket fulani. Ein lang serie med slike dødelege milts-angrep har dei siste åra vore retta mot kristne jordbruks-samfunn i Sør-Kaduna. Styresmaktene har verken klart å stoppa valden eller stilt drapsmennene til ansvar.

I Kaduna er 60 prosent muslimar. Dei dominerer politikk og økonomi. Kristne er marginaliserte. Det store fleirtalet av valdsoffer er kristne, men også nokre muslimar er ramma av død og vald.



I mange land har det sidan 2014 vore protestar for å få Chibok-jentene sette fri (Lagos, Nigeria, 2019). Foto: Shutterstock



Biskop John Ali Shettima fra Chibok (i midten bak) driv omfattande hjelpearbeid for folk som er jaga på flukt. Foto: Privat

Så i oktober 2020 kom ei gruppe muslimar altså på besøk til kristne enkjer. Gåvane fra dei muslimske gjestene gjorde sterkt inntrykk og endra synet på muslimar hos enkjene.

– Dei gav meg mat og klede. Eg vil tilgje alle muslimar som har gjort noko gale mot meg. Dersom vi kan halda fram med slike gode handlingar, kan vi lækja sår og tilgje kvarandre. Ingenting er uråd for Gud, utbraut den kristne firebarnsmora Judy Ugwu.

I åra etterpå har det skjedd mange nye angrep.

– Men forsoningsmøte som dette gjev håp om eit nytt samfunn, sjølv om det er langt igjen til at vi får verknad i stort.

Hjelper unge

Biskopen er engasjert i den afrikanske organisasjonen Procmura, som Stefanusalliansen støttar. Med kontor i Nairobi i Kenya driv Procmura arbeid for betre relasjoner mellom kristne og muslimar i kring 20 land, mellom anna nordaust i Nigeria der biskopen kjem frå.

Ein idé kom opp om å danna eit religiøst konsultsjonsforum. Både imamar og kristne geistlege er med. Unge kvinner og menn vart henta inn til ei stor samling.

– Ved Guds nåde har dei unge lært oss at dersom vi skal klara å stagga valden, må vi gje styrke til dei unge, seier John Ali Shettima.

Fleire guvernørar hjelper no til med utdanning.

– Sidan august 2022 har omfanget av angrep gått ned. Boko Haram har fått mindre sjanse til å rekruttera med pengar fordi fleire unge har fått arbeid.

I fire år har biskopen leia eit stipendprogram for foreldrelause på barneheimar. I september i fjor fekk han snakka om kristne og muslimar og arbeid for fred til 1300 unge i staten Yobe, nabostat til Borno, som dei seks guvernørane i nordaust inviterte til.

– På slutten av ei tredagars samling fekk kvar av dei unge 350 000 naira for å dra heim og starte ei lita bedrift. Somme kjøpte PC, andre husdyr. I august i år var vi i ein annan stat for å møta 1200 unge jenter og

Procmura

- Kristen organisasjon grunnlagt i 1959.
- Base i Nairobi i Kenya. Arbeid i kring 20 land.
- Arbeid for betre relasjoner mellom kristne og muslimar.
- Aukar kunnskap om og respekt for trusfridom i Afrika sør for Sahara.
- Stefanusalliansen støttar arbeid i Kenya, Tanzania, Kamerun og Nigeria.

gutar. Målet er at dei unge ikkje skal oppleva seg marginaliserte og bli med i Boko Haram.

Muslimsk dominans

Men biskopen er kritisk til at dei fleste guvernørane og generalane er muslimar. Etter valet i fjor er både presidenten og visepresidenten muslimar, tidlegare har det vore ein frå kvar religion.

– Dette skjer i eit land der det faktisk er nokon fleire kristne enn muslimar. Muslimar kan laga bråk. På grunn av trua er kristne rolege, og vi tilgir lett. Dette har mange teke for gitt, seier biskopen.

Han seier at mange kristne er frustrerte over at mange nye jobbar går til unge muslimar, ikkje til kristne, i nord.

– Skal vi falda hendene når vi bli lurt? Det er betre å skape gode relasjoner slik at muslimar kan sjå gode ting i oss og opna dører slik at vi kan komme inn.


Så avsluttar biskopen:

– Ver så snill å hugsa på kristne brør og søstrer i Chibok. Forfølgde kristne treng og økonomisk støtte. ■

Nigeria delt religiøst

Nigeria er det mest folkerike landet i Afrika, med 223 millionar. Om lag halve folket er muslimar, den andre halvparten er kristne. Islam dominerer i nord, kristendommen i sør.

– Begge religionar har hatt som mål å ekspandera. Men der kristne har ekspandert med ord og moralske ytringar, har islam ekspandert med sverd, seier biskop John Ali Shettima. Kristendommen og islam møtest i «midtbeltet» der mange etniske konfliktar også har fått ein religiøs dimensjon.



DEN SVARTE DAGEN

– Vi lever framleis i frykt, eitt år etter den svarte dagen, seier prest i Jaranwala i Pakistan, der 90 heimar og 25 kyrkjer blei sette fyr på av ekstremistar.

TEKST: JOHANNES MORKEN

I mai blei Nazir Masih lynsa til døde i Sargodha. Her frå ein demonstrasjon for han og andre offer for blasfemilover og ekstremistisk hat. Foto: Human Friends Organization.

■ **To brør blei** grunnlaust skulda for å ha vanhelga ein koran. Det utløyste eitt massivt angrep på kristne i Jaranwala i Pakistan 16. august i fjor. Eitt år etter har styremaktene bidrege til å byggja oppatt brende og øydelagde kyrkjer og heimar. Men elles er situasjonen like ille:

– Vi lever i frykt. Etter den svarte dagen i fjor har det skjedd nye angrep andre stader i Pakistan, seier fader Yaqoob Yousaf, katolsk prest i Jaranwala.

Bøn og protest

Den 16. august i år blei markert som «den svarte dagen».

– Vi bad om rettferd og fred, fortel fader Yaqoob Yousaf. Eit opprop med krav om rettferd vart hengt opp på veggen og signert av alle som ville.

Blasfemi i Pakistan

- 329 tiltalt for blasfemi i 2023.
- Tre av fire var muslimar
 - halvparten av desse var sjiamuslimar.
- 11 var kristne, 65 ahmadiyya-muslimar
- 113 angrep mot kristne samfunn i 2023,
 - 42 mot ahmadiyyaer, 37 mot hinduar.

Kjelde: Centre for Social Justice (Pakistan)



I denne åkeren gøynde livredde kristne seg då mobben angrep Jaranwala i august 2023. Eitt år etterpå var det minnemarkering. Fader Yaqoob Yousaf er nummer 2 frå høgre, ved sida av han biskop Indrias Rehmat. Foto: Katolsk kyrkje i Jaranwala

Eit nytt valdeleg og dødeleg angrep skjedde i juni, i Sargodha: Den kristne 70-åringen Nazir Masih vart lynsja til døde etter at ein nabo grunnlaust skulda han for å ha øydelagt ein koran. Dagar seinare døydde enkja av påkjenninga. Gøyhestaden som Human Friends Organization (HFO) hadde skaffa familien, verna dei fysisk, men smarta og sorga var ikkje til å bera. 50 familiær flykta for livet etter mobbens angrep. Først etter to-tre veker våga dei seg heim, dei fekk mathjelp av Stefanusalliansens partner, HFO.

– Minoritetar er ikkje trygge. På nytt og på nytt angrip mobbar. Vi anar ikkje når det vil skje igjen, seier fader Yaqoob i Jaranwala.

Klappjakt på søstrar

I august skjedde det igjen. To kristne søstrar i Gojra-distriktet i Punjab fekk kasta livsfarlege blasfemi-skuldingar over seg. Saima blei arrestert for grunnlause påstandar om at ho hadde kasta ein koran som søppel. Saima avviste dette og sa at verken ho eller dei to farlause borna hennar har hatt ein koran – dei les heller ikkje arabisk. Ein nabo hissa likevel opp ein mobb som jaga Saima og fekk henne arrestert, medan dei dreiv klappjakt på søsteren Sonia som kom seg unna.

Risikerer dødsdom

Saima er skulda for å ha brote paragraf 295-B i straf-felova. For vanhelging av Koranen er det dødsdom dersom ho vert kjent skuldig.

HFO skaffa advokat. Retten gav Sonia mellombels vern mot arrestasjon – i skrivande stund til ut august. Saka kan du følgja på nettsida vår, www.stefanus.no.

– Sonia er uskuldig. Politiet ønskjer å arrestera henne for å audmjuka henne, skrev advokaten til domstolen.

Familiene til Saima og Sonia får naudhjelp frå HFO, Stefanusalliansens partner. HFO har skaffa hemmeleg opphaldsstad for Sonia og familien, og dei to borna til

Saima som sitt fengsla. Men sidan dei må gjøyma seg for mobben, har familiene mista livsgrunnlaget.

Flykta for livet

35 familiær som flykta for livet, våga seg heim først etter eit par veker.

– Angrepet viser endå ein gong dei alvorlege truslane for kristne og andre minoritetar, seier Sajid Christopher og legg til:

– Tragedien i Jaranwala opna augo hos mange. Angrepet vart fordømt også frå regjeringa. Men ingenting har skjedd som kan verna kristne og andre minoritetar.

Godt over hundre blei arresterte etter angrepet i Jaranwala. Men dei vert sette fri mot kausjon og blei helsa som heltar av venene sine. Ingen er stilte for retten.

– Folk blir ikkje stilte til ansvar for å ha brent kyrkjer og heimar og øydelagt liva til uskuldige. Minoritetar får ikkje rettferd. Resultatet er mangel på tillit. Sårbare menneske lever utan håp om ei trygg framtid, seier presten Yaqoob i Jaranwala.


Sajid Christopher seier:

– Manglande rettsoppgjer oppmunstrar ekstremistar, dei veit at dei slepp unna. Vi må framleis støtta offer med naudhjelp, advokatar og gjøymestader og halda fram med påverknadsarbeidet. Dei stadige angrepa må ta slutt. ■



Vi må framleis støtta offer med naudhjelp, advokatar og gjøymestader.

Sajid Christopher



Iota-korset er kome frå Egypt.
Kvar farge lærer oss noko om oss
sjølve og om Gud.
Foto: Marita Bjørke Ådland

Ein annan måte

På konfirmantleirane våre har vi lagt bort mykje teori og i staden brukt to praktiske oppgåver for å læra om tru.

■ **Korleis tileignar** vi oss tru? Korleis lærer vi oss praksistar? Korleis flyttar trua inn i oss? Korleis lever den i oss, og korleis skjønar vi at den er ein reiskap vi kan ha glede og nytte av i livet, når livet bryt, når det stormar, når vi treng håp?

Det verkar av og til som vi har andre mål for konfirmantar enn for andre kristne. Det skal puggast, det skal lærest, teorien må inn, bibelkunnskapen likeså. Det er lett å tenka slik i ei verd der det tilsynelatande går nedover med bibelkunnskapen.

Og den tanken har sjølvsagt noko for seg. Å pugga handlar om å læra «by heart», og det har absolutt ein verdi å ha lomme og hjarte fullt av bibelvers som ein kan ta fram når ein treng det.

Vegvisar

Men likevel; vi lærer på så mange måtar. Meir enn pugging og teori er trua noko som lever i oss og som veks og spirer med næring frå mange ulike impulsar. Det har vore ein vegvisar for meg som prest og pedagog dei siste åra.

Difor har vi lagt bort det meste av teori på våre konfirmantleirar og funne fram praktiske oppgåver til dei to bibeltimane vi har. Den eine dagen lagar vi Kristuskrans, den andre dagen fargelegg vi Iota-korset.

Eg er alltid litt spent. Blir det uro? Skjørnar dei idéen? Får eg dei med med? Vil det fungera? Korleis blir den siste bibeltimen etter den siste natta med rangling og flörting, med solbrente leggar og trøyte ansikt?

Fargeblyantar og stille musikk

Men så tek me til. Fargeblyantane ligg klare med strikk rundt, sorterte i 36 bunkar; raud, gul, grøn, svart, (kvit) og blå for kjærleik, sjølvbilete, vekst og fred, grenser, det gud-dommelege og til slutt nåden og takksemda. Mens den stille musikken surrar i bakgrunnen, fell alle inn i sin egen takt og rytmje, og eg fyller forsiktig inn med bibelvers, enkle forteljingar og spørsmål til ettertanke.

Det går an å bruka låg stemme, det er ro og fred. Og det slår meg at det i grunnen er dette det handlar om: Å gi plass i eige liv, og ta plass i eige liv til å møta dei store spørsmåla og gjennom tanke, hjarte og hender fargelegga seg sjølv, sine eigne tankar og kjensler, inn i korset. Inn der vi høyrer til. Inn til Gud. Inn i nåden. Ingen prestasjon, ingen kunnskap, ingen krav. Berre nokre fargeblyantar, eit kors og 36 konfirmantar som i ein liten, heilag time får erfara at dei er sett, tatt imot og elskaa. ■

TEKST: MARITA BJØRKE ÅDLAND



■ **Marita Bjørke Ådland** er sokneprest i Slemmestad og Nærnes menighet i Asker, Akershus. Ho har tidlegare vore lektor ved Kristelig Gymnasium i Oslo.



**Meir enn pugging
og teori er trua noko
som lever i oss.**

Skann QR-koden

På heimesida vår kan du lasta ned heftet «Mal og mediter», om måling av Iota-korset saman med unge.



OVERLEVDE, MEN MISTAR HÅPET

IS drap menn for fote og gjorde kvinner til sex-slavar. Ti år etterpå er dei overlevande jesidiane i ferd med å mista håp om ei framtid.

—
TEKST: JOHANNES MORKEN



Fortvilte jesidikvinner (med ryggen til) i irakisk leir for menneske på flukt i eige land. Foto: Anne M. Gihlemoen

■ **IS-krigarar prøvde** frå 3. august 2014 å utrydda jesidiana, den gongen ein religiøs minoritet ukjend for mange. IS stempla dei fredelege jesidiane som «vantru» og «djeveldyrkarar».

IS-krigarar drap for fote og fylte massegraver. Over 6400 unge kvinner vart kidnappa til sex-slaveri. Unge menn vart bortførte, tvangskonverterte og indoktrinerte til å bli IS-krigarar.

Ti år etterpå lever jesidiane framleis midt i tragedien. 2700 av kvinnene er ikkje komne heim.

Inga hjelp i sikte

I mars 2021 vedtok det irakiske parlamentet ei lov for å hjelpe overlevande jesidi-kvinner og kvinner frå andre minoritetar. Men tre og eit halvt år seinare er statusen deprimerande. Lova har ikkje vore til hjelp verken for dei som overlevde kidnapping, valdtekter og sex-slaveri, eller for dei som klarte å flykta.

Kring 150 000 jesidiar har flytta heim. Men framleis sit kring 300 000 overlevande i formelle eller uformelle flyktningeleirar i den kurdiske regionen, der IS ikkje slapp til i 2014. Eg gjesta Shariya-leiren utanfor Duhok, nord i Irak, hausten 2022. Håpløysa den gongen er forsterka etterpå.

Mange organisasjonar har slutta med hjelpearbeidet, under påskot av å heller oppmuntra jesidiar til å vende tilbake til heimstadene sine. Sentralregjeringa har lagt press på dei og gitt ein sum til kvar familie som vender heim.

Men svært få har vendt heim dei siste par åra. I Sinjar er det samanstøyt mellom væpna militsar og tyrkiske og irakiske styrkar.

– Mange som bur i leirar lid under arbeidsløyse og mangel på medisin, mat og hushaldsartiklar, fortel Ashty Bahro. Han leier det kyrkjeloge hjelpearbeidet Zalal Life, støtta av Stefanusalliansen.

Heimane dei flykta frå, blei knuste av IS. Infrastruktur og offentlege tilbod er elendige.

Lever med djupe traume

Dei 3500 kvinnene som er komne fri, lev med trauma. Det fortel legen Nagham Hasan i eit videointervju. Ho er sjølv jesidi og har sidan 2014 brukt all si tid på å hjelpe kvinner som kom seg vekk frå IS.

– Kvinnene klarar ikkje gløyma overgrepene. Dei slit med tunge depresjonar. Mange av dei lever i leirar og seier at dei bur som i eit fengsel. Trauma blir forsterka. Ingenting er gjort for å verna kvinnene mot også neste

Jesidiane

- Religionssamfunn i kurdiske delar av Irak, Iran, Tyrkia, Syria m.fl.
- Minst 500 000 jesidiar.
- Monoteistisk tru – element frå jødedom, kristendom og islam.
- Talrike massakrar frå muslimsk side på 17- og 1800-talet og av osmanane på 1900-talet.
- IS dreiv etnisk reinsing frå 2014.

gong å bli krigens første offer, seier legen, som sjølv har vore med på å byggja opp to senter som tilbyr psykolog og psykoterapi for overlevande.

Har mista tillit

– Overlevande jesidiar har mista all tiltru til naboar, regjeringa og alle andre dei hadde tillit til før 3. august 2014, seier Khidier Domle i eit videointervju. Han leier Independent Media Organization in Kurdistan (IMOK) og har inngåande kjennskap til jesidi-samfunnet.

I lova frå 2021 fekk overlevande rett til skulegang, for å ta igjen tapte år, rett til psykososial hjelp og til terapi. Men knapt noko skjer. Byråkratiet er tungt og søknadsprosessane lange.

– Eg har mista håpet om at lova vil hjelpe jesidiane til å gjenoppbyggja liva sine, seier Khidier Domle.

Den manglande evna eller viljen til å setja lova ut i livet hindrar jamvel overlevande frå å søkja om hjelp, fortel Den amerikanske kommisjonen for internasjonal trusfridom (USCIRF).

Regjeringa i Bagdad skuldar på mangel på midlar. Men medan store delar av «jesidi-hovudstaden» Sinjar framleis ligg i grus, har regjeringa bygt opp att andre byar etter IS.

– Det er ei vedvarande diskriminering, seier Khidier Domle.

Folkemord

I lova frå mars 2021 vart brotsverka mot jesidiane anerkjent som folkemord. Men utan eit rettsoppgjer mot IS kan nedslaktinga skje på nytt.

Eit dusin andre land har politisk slege fast at jesidiane vart utsette for folkemord. Noreg vil ikkje seia dette, det vedtok eit klart fleirtal i Stortinget i februar. Dette må ein internasjonal domstol eller liknande avgjera.

– Eg håpar at også Noreg anerkjenner at det skjedde eit folkemord, seier Nagham Hasan.

Vestlege land – Noreg inkludert – har sluttat å gje bistand til Irak. Norske friviljuge organisasjonar trappar difor kraftig ned innsatsen.

– Dei overlevande treng mykje meir hjelp, ikkje mindre, seier Nagham Hasan. ■



Eg håpar at også Noreg
anerkjenner at det skjedde
eit folkemord

Nagham Hasan

Historier om håp

Årsrapporten for Stefanusalliansen for 2023, med glimt inn i 2024, forteller historier fra arbeidet til mange av våre partnere. Situasjonen for trosfriheten og andre menneskerettigheter er mange steder dyster. I årsrapporten møter du trofaste partnere og historier om håp.



Skann QR-koden og last ned
Årsrapport for 2023-2024.

I full gang som ny IT-rådgiver

Robert Solberg (49) er ansatt som ny IT-rådgiver etter Steinar Tyvand, som er gått av med pensjon.

Solberg kommer opprinnelig fra Notodden. I 1994 flyttet han til Danmark, der han giftet seg med sin danske kjæreste. Etter seks år i Danmark flyttet familien med tre døtre til Moss. Fra 2003 til 2021 arbeidet Solberg med IT for Frelsesarmeene. De neste tre årene – fra 2021 til i år – var Solberg Søndagsskolens mann på IT. Før sommeren kom han til Stefanusalliansen.

– I en periode arbeidet jeg for et selskap som hadde som eneste formål å øke salget. Det ga meg ingenting. Det er viktig for meg å bruke livet mitt i tjeneste for Gud. Det var drivkraften da jeg arbeidet i Frelsesarmeene og i Søndagsskolen og er det nå i Stefanusalliansen. Å kjempe for dem som forfølges for sin tro er viktig og meningsfullt. Når trosfriheten respekteres som en rettighet for alle, skapes bedre samfunn, sier Solberg.

– Kristne organisasjoner må følge med på den rivende teknologiske utviklingen, også av kunstig intelligens. Det er nødvendig å hindre farlig bruk av denne teknologien. Men som kristne skal vi heller ikke være redde for å ta også denne teknologien i bruk og utnytte dens potensielle, sier Solberg.

Han vil også ta arbeidet for IT-sikkerhet både for ansatte og partnere videre.

– Vi må hindre at viktig informasjon havner hos uvedkommende, sier Robert Solberg.

*Robert Solberg er ny IT-rådgiver i Stefanusalliansen.
Foto: Privat*



Engasjert vikar

Maria Krogshus Holmås (26) fra Jeløya i Moss er ansatt som vikar som prosjektrådgiver i en svangerskapspermisjon. Hun skal blant annet følge opp store trosfrihets-prosjekter i Afrika og Midtøsten og menigheter i Tyrkia.

– Jeg er nyutdannet samfunnsgeograf. Her i Stefanusalliansen får jeg brukt utdannelsen min i en kristen organisasjon som støtter forfulgte kristne og kjemper for trosfrihet for alle. Det er en flott kombinasjon, sier Krogshus Holmås.



*Maria Krogshus Holmås
Foto: Stefanusalliansen*

Planlagt underskudd i 2023

Regnskapet for 2023 viser et underskudd på 5,2 millioner kroner. Resultatet fra ordinær drift viser et underskudd på 2,4 millioner. Positiv avkastning på finansplasseringer er viktigste årsak til at underskuddet ble 1,1 millioner mindre enn budsjettet.

I tillegg til ordinær drift ble det i 2023 brukt 2,8 millioner av Sareptafondet, som er opprettet for å gi ekstra tilskudd til utvikling hos våre partnere eller for å avhjelpe i særskilt krevende situasjoner.

I 2022 mottok Stefanusalliansen 17,2 millioner i testamentariske gaver og store enkeltgaver. Dette svinger sterkt fra år til år. I 2023 mottok vi 0,6 millioner i slike gaver. De totale inntektene var i 2022 48,3 millioner, mens de i 2023 var på 33,9. I 2022 var det budsjettet med et null-resultat, men de store enkeltgavene det året ga et overskudd på cirka 12 millioner.

Budsjettet for 2023 ble vedtatt med et planlagt underskudd. Styret vedtok at det med midler fra de store enkeltgavene fra 2022 skulle opprettes et midlertidig budsjettfond for 2023 og 2024. 7 millioner ble avsatt for at aktiviteten kunne videreføres selv om gaveinntektene ikke ble forventet å følge kostnadsutviklingen i Norge og hos våre partnere. I 2023 ble det brukt 2,4 millioner av budsjettfondet. Det gjenstår dermed 4,6 millioner.

Stefanusalliansen jobber systematisk for å styrke gaveinntektene slik at aktiviteten innen misjon og trosfrihet kan opprettholdes og på sikt økes. Forbrukte midler til formålet var 49 millioner kr i 2023, mot 43 millioner kr i 2022. Utover gaveinntekter har vi tilskudd fra Utenriksdepartementet (UD) og fra Norad via Digni. Nåværende avtale med UD går ut ved nyttår.

I august 2023 ble det gjort kjent at forvaltningen av bistand knyttet til bl.a. menneskerettigheter flyttes fra UD til Norad. Norad har arbeidet med en ny organisasjonsplan for å ta hånd om nye oppgaver innen bistand på menneskerettighetsfeltet. Det er ventet at Norad vil kunngjøre sin utlysning av de overførte budsjettpostene i løpet av høsten 2024.

Stefanusalliansen er nå også registrert i USA. I første omgang brukes 2024 til å kartlegge hvordan organisasjonen best kan gå frem for å starte et innsamlingsarbeid. Deretter vil konkrete beslutninger tas. Organisasjonen vil rette seg mot enkeltpersoner, menigheter og store stiftelser, men ikke søke statlig støtte.

Gaveinntektene så langt i 2024 er marginalt høyere enn for samme periode i 2023.



På representantskapsmøtet i juni ble Anne Mari Schiager Topland gjenvalgt som styreleder. Kåre Rune Hauge ble gjenvalgt som leder av Stefanusalliansens representantskapet.

Foto: Stefanusalliansen

Gratulert av presidenten

Den kasakhstanske advokaten Aiman Umarova, som i mai fikk overrakt Stefanusprisen for 2024, har fått skriftlig gratulasjon av president Qasym-Jomart Kermelly Toqaev. Han skriver: «Det er en glede for meg å sende mine hjertelige gratulasjoner til deg for å ha blitt tildelt den prestisjetunge Stefanusprisen som anerkjennelse for ditt enestående arbeid som menneskerettighetsforsvarer.»

Han skriver også: «Din fremragende innsats og omfattende erfaring i å kjempe for menneskerettigheter har fått anerkjennelse ikke bare i Kasakhstan, men også på internasjonalt nivå. Ditt engasjement for å stå opp for de stemmeløse og din utrettelige innsats er virkelig prisverdig. (...) Ditt arbeid er et håpets fyrtårn og en katalysator for forandring, og inspirerer mange til å bli med i kampen for rettferdighet og likhet.»



Aiman Umarova er nå gratulert også av presidenten i hjemlandet Kazakhstan. Foto: Anne M. Gihlemoen



Årets «Sammen som kirke i hele verden»-aksjon ble gjennomført i mange menigheter. Bindal menighet i Nordland hadde sitt arrangement på Helgeland museum. Kveldens toner ble framført av Kåre Rossdal (gitar) og Roger Johansen (trekkspill). Inntektene gikk til Stefanusbarna i Egypt. Foto: Jens Christian Berg

Venner på besøk i Antalya

En engasjert gruppe venner av Stefanusalliansen dro i vår på privat besøk til menigheten i Antalya i Tyrkia.

– Det var lærerikt og hyggelig. Pastor Metin Özkaya takket Stefanusalliansen for støtten i form av faste bidrag, ikke bare til enkelt-prosjekter, forteller Reidar Kavlie-Borge.




Pastor Metin Özkaya i midten tar imot Reidar Kavlie-Borge (t.v.) og Helge Skraastad, som tidligere var ansatt i Stefanusalliansen. Foto: Privat

Trosfrihet og kvinner – nå på norsk

Stefanusalliansen har i drøye fem år bevisst løftet fortellinger om forfølgelse av kvinner. Det er også et mål å vise hvordan trosfrihet og kvinners rettigheter ikke trenger å stå i motsetning til hverandre, men heller kan styrke hverandre.

Undervisningsheftet «Tros- og livssynsfrihet for alle: Fokus på kvinner» ble først utgitt på engelsk, deretter på fransk og arabisk. Nå er det også gitt ut på norsk.

Skann QR-koden og last ned heftet.





KYRKJE DER DEI ER GJESTER

Den gresk-ortodokse metropolitten Ghattas leier ei kyrkje for menneske som truleg aldri vender heim. På veggen heng biletet av det kjende klosteret i Malula i Syria.

Han leier ei kyrkje av kristne som ikkje veit kvar dei har ei framtid.

—
TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, KUWAIT

■ **Den gresk-ortodokse kyrkja** i Kuwait er gudshus og samlingspunkt for 8-9000 menneske. Gudstenesterommet har plass til 300. Kyrkja har storskjerm i underetasjen når det kjem fleire. Dei har også speidar, søndagsskule, kvinneforsamling, familie- og ungdomsarbeid.



Når det kjem nye gresk-ortodokse kristne hit, er første spørsmålet: Kvar er kyrkja?

Metropolitt Ghattas

– Alle som oppheld seg utanfor sine eigne heimland, søker eit større fellesskap med sine. Det føler dei seg trygge. Når det kjem nye gresk-ortodokse kristne hit, er første spørsmålet dei har: Kvar er kyrkja? Det fortel metropolitt Ghattas. Han leier den gresk-ortodokse kyrkja i Irak, Kuwait, Bahrain, Oman, Qatar og Saudi-Arabia.

– Vi har full fridom til alt arbeid inne i kyrkja, ingen spør kvifor. Juledag og påskedag har politiet vakt utanfor, fortel metropolitt Ghattas.

Anerkjente kristne

I Kuwait er det ein liten kristen minoritet som er anerkjent som borgarar av Kuwait. Dei fleste av desse knapt 300 familiene hører til den protestantiske eller den gresk-ortodokse kyrkja, nokre få er katolikkar.

Alle andre kristne i Kuwait er gjestearbeidrarar. Både i Kuwait og resten av Golfen har dei mange millionane av gjestearbeidrarar ingen rett til statsborgarskap og pass. Dei er gjester til arbeidsvisumet tek slutt, og då må dei ut.

70 prosent av dei gresk-ortodokse gjestearbeidarane i Kuwait er fra Syria. Dei andre er fra land som Libanon, Palestina, Jordan, Kypros og Hellas. Svært mange fra Syria kom etter at Kuwait blei frigjort fra ein knapt eitt år lang brutal irakisk okkupasjon i 1991.

– Alle drøymde om å venda heim etter nokre år i Kuwait. Men så kom borgarkrigen i Syria i 2011. Libanon er i dag i djup økonomisk og politisk krise. Palestina er i krise. Ingen vil dra tilbake til nokon av desse landa.

– Folk prøver i dag i staden å koma seg ut av både Libanon, Syria og Irak. I kyrkja mi i

Erbil i Nord-Irak ventar 1 500 familiar som har flykta dit, på å koma seg ut av landet, forklarar metropolitt Ghattas.

Frå vekst til nedgang

Det gresk-ortodokse kyrkjebygget blei bygt etter at Irak vart kasta ut av Kuwait i 1991. Den gongen var det vekst og god økonomi i landet. Kyrkjelyden hadde velhavande medlemmer med pengar å avsja til å byggja kyrkja og til å驱 arbeid som når dei svært mange fattige.

Men etter pandemien er økonomien i Kuwait langt dårlegare. Prisnivået har gått opp. Det rammar også kyrkja. Gåvene går sterkt ned.

– Gud hjelper oss og sender folk med donasjonar. Men der vi tidlegare kunne få ei gave på 10 000 Kuwait-dinarar, får vi i dag 2 000. I heile regionen er dette eit problem, seier metropolitt Ghattas. Ein Kuwait-dinar svarar til 35 kroner.

Usikker framtid

Mange planlegg å vera i Kuwait nokre år til. Men utan sjanse til å få statsborgarskap og pass, ser mange alt no etter eit anna land dei kan dra til.

Kyrkja står på ein tomt gitt av kongedømmet.

Kyrkjelyden eig ikkje bygget.

– Vi er gjester og kan ikkje eiga eigedom. Vi kan ikkje selja bygget og ta med pengane den dagen vi dreg. Vi kan ingenting ta med oss, forklarar Ghattas og legg til:

– Vi veit at det er olje og pengar her fem eller ti eller kanskje 15 år til. Det vil bli reduksjon i oljeverksemda og endå mindre arbeid og pengar. Vi går inn i ei usikker framtid, seier Ghattas, og får støtte av generalsekretær Hrayr Jebedian i Bibelskapet.

– Kvar einaste veke hører vi om folk som vil dra. Så lenge det er olje i regionen, vil arbeidet vårt halde fram. Vi investerer i misjon og tener folket så lenge vi er her. Så får vi sjå kva som skjer den dagen oljen tek slutt. ■

Les meir på neste side om bibelarbeidet i Den arabiske golfen.

GJEV BIBELSK HÅP

Bibelsk baserte program gjev håp til fattige kristne gjestearbeidarar i djupe traume langt heimanfrå.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, KUWAIT OG DUBAI

■ **Bilete av Dubai** viser høge bygningar, gigantiske glasflater og rike forretningsmenn og turistar. Men menneska som byggjer skyskraparar og bustadblokker, ser vi ikkje på biletta. Vi ser ikkje dei lutfattige kvinnelege hushjelpene heller.

Gjestearbeidarar, som aldri får statsborgarskap og pass, bur i arbeidsleirar utanfor byen. Fem-seks



17 000 biblar, 1000 nytestamente og 17 000 bøker gjekk ut frå Bibelselskapet i Golfen i fjor, her frå bibelbutikken i Dubai.

personar deler ein sovesal. Det er därlege sanitærforhold og elendige løner – og smått med privatliv og helsestell.

Frå vekst til nedgang

I Dubai (eitt av Dei sameinte arabiske emirata) er nær 90 prosent av folket gjestearbeidarar.

I Kuwait er 70 prosent gjestearbeidarar. Mange kom etter at Kuwait var frigjort frå den irakiske okkupasjonen i 1991 og landet opplevde ny vekst. I dag er det verre å få arbeid og det er dyrt å bu.

– Talet på folk som mistar jobben, som gjer seg skuldige i brotsverk eller tek livet sitt aukar, seier Hrayr Jebedian. Han er generalsekretær for Bibelselskapet i Golfen. Magasinet Stefanus møter han i Kuwait. Derifrå leier han eit bibelarbeid for sju land.

Eitt av dei 26 programma til Bibelselskapet er eit bibelsk basert program for å handtera traume.

– Det er utvikla særleg for gjestearbeidarar som har opplevd overgrep eller seksuelt misbruk og for rusavhengige og einsame. Vi brukar det også for å førebyggja sjølvmord og hjelpe etterletne etter sjølvmord, seier Jebedian og legg til:



Fader Bedros, leiar for den armenske kyrkja i Golfen.



Hrayr Jebedian er generalsekretær i Bibelskapet i Golfen.

– Mange aktørar dekkjer livsviktige sosiale, økonomiske og medisinske behov. Men Bibelen endrar måten menneske ser på liva sine på.

Bibelske forteljingar

Mange fattige gjestearbeidarar er analfabetar eller svært dårlege til å lesa og skriva.

– Eit av programma våre er “Bibelen som historieforteljing”. Det hjelper folk som ikkje kan lesa til å forstå Bibelen. Dei kan kjenna seg att i bibelske historier og sjå at livet kan endrast, seier Jebedian.

Bibelskapet hjelper også kyrkjene med leiartrenings av pastorar, som ofte gjer pastorjobben som friviljig teneste utan opplæring.

Bibelskapet har kontor i Kuwait, Bahrain, Oman, Dei sameinte arabiske emirata og Qatar. Så langt er Saudi-Arabia stengt. Store endringar har skjedd under kronprins Mohammed Bin Salman – kjent som MBS. Men sjølv om MBS har redusert makta til den ekstreme wahabismen, opnar islams heimland ikkje for anna tru enn islam.

Kyrkjeleg mosaikk

Uoffisielt er det fire-fem millionar kristne gjestearbeidarar på Den arabiske halvøya. På tomter gitt av herskarane er det i 17 byar bygt over 40 kyrkjebygg for gjestearbeidarane.

Nesten alle kristne trusretningar er her, den katolske kyrkja er størst. Ikkje alle kyrkjesamfunn har fått bygga kyrkjer. Mange må difor dela same kyrkjerom. I dei travlaste kyrkjebyggja er det kamp om gudstenestetidene og travelt å halda tilmålt tid for å sleppa neste forsamling til.

Det er fulle hus frå morgen til kveld på fredagane i Kuwait, Bahrain, Oman og Qatar. Det same er det på søndagane i Dubai som – for å trekka til seg turisme og forretningsliv – oppsiktsvekkjande nok har gjort søndagen til fridag.



Det vi har oppnådd, er utan tvil ved Guds nåde og ved samarbeid med styresmaktene.

Hrayr Jebedian, Generalsekretær

– Denne påtvinga økumenismen i kyrkjebygga har skapt fantastiske døme på samarbeid – og nokre gonger rivalisering. Kyrkjelydar må læra å leva saman med ei felles stemme overfor styresmaktene for å ha ei teneste blant gjestearbeidarar, seier Jebedian.

Deler trua

Jebedian er gripen av kor sterkt mange gjestearbeidarar er knytte til kyrkjene.

– Kyrkja er viktigare for dei her enn i heimlandet, seier han og snakkar om «multiplikasjonsfaktoren».

– Folk frå heile verda møter Guds sanning og kjærleik på Den arabiske halvøya. Når dei returnerer til heimlandet, deler dei trua med familiene sine.

Då Bibelskapet i Golfen i 2016 for første gong deltok på den prestisjetunge bokmessa i Bahrain, som den einaste kristne aktøren, fekk standen ei oppmuntrande helsing frå ein besøkjande:

«Våre muslimske samfunn treng organisasjonar som dykk for å hjelpe dei å lære og forstå den kristne trua og lære å sameksistere med kvarandre. Dykkar nærvær her viser verdien av å leve i harmoni med ulik tru og å forstå kvarandre betre.»

Importerer biblar på lovleg vis

– *De legg vekt på eit godt samarbeid med styresmaktene. Kvifor?*

– Som bibelskap er vi plikta til å respektere lovene i landa vi arbeider. Vi importerer biblar og bøker gjennom lovlege kanalar. Gjennom åra har vi bygt opp eit tillitsfullt forhold. Det er ikkje alltid enkelt å samarbeida med offentlege organ i vår del av verda. Prosessar kan la lang tid. Men tolmod løner seg.

Jebedian har leia Bibelskapet i Golfen sidan 1990.

– Ingenting av det du no kan sjå av arbeidet vårt, eksisterte den gongen. Det vi har oppnådd er utan tvil ved Guds nåde og ved samarbeid med styresmaktene. Jo meir lovleg det vi gjer er, jo meir rom for arbeidet får vi til slutt. Å driva ulovleg har inga framtid. ■

Les meir på neste side om det armenske samfunnet i Kuwait.

FOTFESTE ETTER FOLKE- MORD

Forfedrane overlevde folkemordet i Tyrkia. I dag leier dei eit armensk samfunn som ser at fotfestet kan gå tapt i Kuwait.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, KUWAIT

■ **Ei stor gruppe** overlevande frå det tyrkiske folkemordet mot armenarane frå 1915 flykta til Libanon. Der bur det i dag vel 150 000 armenarar.

I jakta på arbeid har mange tusen armenarar reist derifrå til land i Den arabiske golfen.

Kuwait har eit armensk samfunn på kring 4 000. Dei er samla i den armenske ortodokse kyrkja, også dei som eigentleg hører til eit anna kyrkjessamfunn.

– Alt armensk liv er organisert rundt kyrkja. Vi har barnehage og barneskule opp til 12 år. Vi lærer nye generasjoner språket vårt og historia vår, seier fader Bedros til Magasinet Stefanus. Han er leiar for det armenske samfunnet i Den arabiske golfen. 150 armenarar bur i Bahrain. I Saudi-Arabia bur det kring 5000. Der har dei inga kyrkje, men likevel eit samansveisa armensk samfunn.

Folkemord og identitet

Alle desse har med seg den tragiske historia som ramma armenarane under folkemordet, iscenesett av ungtyrkarane i restane av Det osmanske riket frå 1915. På desse restane vart dagens Tyrkia grunnlagt.

– For overlevande etter eit folkemord er det svært viktig å vera identiteten. Dette gjeld ikkje minst ved ekteskap, forklarar fader Bedros.



Fader Ardag Kehyayan er prest i den armenske kyrkja i Kuwait.

– Vi rår folk frå å gifta seg utanfor det armenske samfunnet. Vi seier det ikkje direkte. Men dei unge veit det gjennom undervisninga. Nokre få har gifta seg med muslimar. Men dei aller fleste gifter seg med armenarar. Vi takkar Gud for det.

Uviss framtid

Nye armenarar som kjem for å arbeida er ofte single. Mange har ikkje råd å gifta seg fordi prisnivået på alt har gått opp. Andre kjem åleine, med ektefellen heime, og det kan gå hardt ut over ekteskapet. Ekteskapsproblem og skilsmisser endar hos prestane.

Og ein dag kan det vera slutt på arbeid i Kuwait.

– Mange slit med å fiksa livet. Dei kom hit for å arbeida nokre få år. I dag veit mange ikkje om dei får bli her, seier fader Ardag Kehyayan, prest i den armenske kyrkja i Kuwait.

Ein del armenarar flytter fra Kuwait til Canada og USA.

– Men så lenge det er oljebusiness her, så har vi ei framtid her. Og så frå vi sjå, seier Kehyayan. ■



For overlevande etter eit folkemord er det svært viktig å vera identiteten.

Fader Bedros, leiar for den armenske kyrkja i Golf-landa.



Synshemmet?

Eller sliter du med lesingen fordi du har dysleksi?

Bestill Magasinet Stefanus som lydfil.
Du kan enkelt velge hvilke artikler du vil høre.

Ring KABB på **telefon 69 81 69 81**

Send e-post: **kabb@kabb.no**

Eller **skann QR-koden**



Mennesker som Saima sitter åresvis i fengsel, **uskyldig anklaget for blasfemi**. Våre partnere hjelper barn og familie på utsiden og modige advokater kjemper for rettferdighet, men det er risikofylt og kostbart. **VIL DU HJELPE EN KRISTEN SØSTER** som Saima og barn som Xavier og Aima som nå lever i skjul?



▲ **Xavier og Aima lever nå i skjul.** De er traumatiserte, og redde for hva som skal skje med mamma Saima. Foto: HFO.

Saima er kristen og uskyldig arrestert. Hun risikerer nå dødsstraff. ►



Hundrevis av siste menn er på vei:

Mamma Saima skal tas

Saima og barna har forsøkt å gjemme seg. Men noen har sladret om hvor hun er, og snart er den ekstremistiske mobben rett utenfor. Ingen beskytter henne. Ingen hjelper henne. Etter en krangel med naboen dagen før, er hun nå grunnløst anklaget for blasfemi. **Hun er som regel modig, men nå er Saima fryktelig redd.** Les s.10-11 i Magasinet Stefanus.

Det tar ikke lang tid før aggressive og hensynsløse hender griper tak i henne. Imens slag og spark treffer kroppen hennes, hører hun sirener. Snart presser flere grønnkledte politimenn seg inn gjennom folkemengden, og ber dem stanse volden umiddelbart. Saima tenker nok hun er reddet. At overgriperne er tatt på fersken! Men i stedet kommer politiet bort der hun ligger forslått på gulvet, tvinger henne opp på beina og setter håndjern på *henne*? Mobben roper på **dødsstraff**.

Hvem skal forsvare Saima? Hvem skal sørge for barna imens hun sitter i fengsel med risiko for dødsstraff?

HFO (Human Friends Organization) er Stefanusalliansens partner i Pakistan. De sørger for et trygt skjulested for barna, for mat og nødvendigheter. **Deres modige advokater var på saken samme dag som Saima ble arrestert.** Advokatene setter egne liv på spill for å forsvare uskyldige ofre for blasfemilovene i Pakistan.

Vil du beskytte, gi mat og et trygt skjulested til Saimas barn mens hun sitter i fengsel?

Vil du gi Saima og andre ofre for blasfemiloven advokathjelp?

Gaveeksempl:

Gi mat og helse-hjelp til trosfanger i fengsel:

kr 360,-

Gaveeksempl:

Én ukes mat og hushold for en familie i skjul:

kr 710,-

Gaveeksempl:

Rask advokathjelp til blasfemianklagede som Saima:

kr 1720,-

vopps

til **19013**
- merk med:
rettferdighet



PS: Alle gavestørrelser bidrar til kampen for rettferdighet!